

**Agder Sekretariat**  
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120  
4491 Kvinesdal  
Bankkonto:  
3080 32 25660  
Organisasjonsnr.:  
988 798 185

**BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET**

**MØTEBOK**

Møte nr. 02/16

Dato: Onsdag 25. mai 2016 kl. 09.00-11.00  
Stad: Kommunehuset, møterom formannskapssalen

**Tilstade:**

Sigmund Lien, leiar  
Olav Lidtveit, nestleiar  
Åse Heistein  
Siri Alice B. Øvergård  
Knut A Austad, 1. varamedlem

Marit Taksdal hadde forfall

**Dessutan møtte:**

Økonomisjef Franz A. Nilsen (sak 04/16 og 05/16)  
Revisor Tommy Pytten  
Utvalssekretær Kjell Ivar Hommen

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

**Saksliste:**

**SAK 03/16 GODKJENNING AV MØTEBOK**  
**SAK 04/16 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2015, BYGLAND KOMMUNE**  
**SAK 05/16 NUMMERERT BREV FRÅ REVISOR**

**Referatsaker:**

**R 04/16 Protokoll frå Agder Kommunerevisjon IKS**  
**R 05/16 Protokoll frå fellesmøte Agder Sekretariat**  
**R 06/16 Møtebok frå styret Agder Sekretariat**

**Eventuelt**

---

Eierkommuner:  
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og  
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,  
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,  
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,  
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:  
Daglig leder Kjell Ivar Hommen  
Telefon: 97 51 02 98  
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill  
Telefon 90 95 62 46  
E-post: willy.gill@asekretariat.no

# **Agder Sekretariat**

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Kvinesdal, 25.05.2016  
Agder Sekretariat

Kjell Ivar Hommen  
Utvalsesekretær

Utskrift sendes: Kontrollutvalets medlemmer og 1. varamedlem, ordfører, rådmann, revisor,  
Jorunn S. Tveiten og Setesdølen

**Agder Sekretariat**  
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Møtebok 25. mai 2016

Bygland kontrollutval

**SAK 03/16 GODKJENNING AV MØTEBOK**

Samrøystes vedtak:

**Møtebok frå 22. februar 2016 vart godkjend.**

---

**SAK 04/16 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2015 BYGLAND  
KOMMUNE**

Samrøystes vedtak:

**Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:**

**Kontrollutvalet har handsama Bygland kommune sin rekneskap for 2015. Driftsrekneskapen syner kr 108 571 391 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 10 198 201. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.**

**Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av regnskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.**

**Ut over dette og det som kjem fram i revisjonsmeldinga har kontrollutvalet ingen merknader til Bygland kommune sin årsrekneskap for 2015.**

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

**SAK 04/16 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2015, BYGLAND KOMMUNE**

**Lover, forskrifter:**

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992

Forskrift om årsrekneskap og årsmelding av 15. desember 2000, med endringar i 2004

**Saksdokument som er lagt med saken:**

Årsrekneskapen for 2015

Årsmeldinga for 2015

Revisjonsmelding, datert 20. april 2016.

..

# Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

## **Saksopplysningar:**

Driftsrekneskapen viser kr 108 571 391 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 10 198 201.

Årsrekneskapen inneheld balanse per. 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentleg brukte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Årsrekneskapen er utarbeida etter dei formelle krav som stilles i kommuneloven med tilhøyrande rekneskapsføresegner i forskrift for årsrekneskap og årsmelding og god rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor og rådmann vil vera til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan svare på mulege spørsmål i samband med rekneskapen.

## **Framlegg til vedtak:**

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bygland kommune sin rekneskap for 2015. Driftsrekneskapen syner kr 108 571 391 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 10 198 201. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av regnskapet med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Ut over dette og det som kjem fram i revisjonsmeldinga har kontrollutvalet ingen merknader til Bygland kommune sin årsrekneskap for 2015.

---

## **SAK 05/16 NUMMERERT BREV FRÅ REVISOR**

Samrøystes vedtak:

**Ein syner til kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret i sak 04/14 av 12.02.2014.**

**Kontrollutvalet vil gjere kommunestyret merksam på at det syner seg at kommunen framleis ikkje har klart å etterleve dei vedtektene for renovasjon som vart vedteke av kommunestyret 31.03.2011.**

**Agder Sekretariat**  
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

**SAK 05/16 NUMMERERT BREV FRÅ REVISOR**

**Vedlegg:**

Nummerert brev nr. 74 frå revisor

**Kva saka gjeld:**

Bygland kommune vedtok 31.03.2011 nye vedtekter for renovasjon. Desse skulle gjelde frå 01.01.2012 og tidlegare vedtekter vart oppheva.

Kommunen har ennå ikkje klart å etterleve desse vedtektene.

Denne saka er også tidlegare teke opp i nummererte brev frå revisor (nummerert brev nr. 67 og nr. 72)

Rådmannen svara i sitt svarbrev på nummerert brev nr. 67 av 16.11.2012 at:» ...*Vi tek sikte på å gjennomføre dette arbeidet i 2013.*»

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak 12. februar 2014 då nummerert brev nr. 72 frå revisor vart motteke:

*«Kontrollutvalet rår til at kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre dei vedtekne vedtektene snarast råd.*

*Ein rår vidare til at kommunestyret løyver naudsynt med midlar for å få gjort dette arbeidet dersom det framleis er manglande kapasitet som er grunnen til at arbeidet ikkje kan gjerast slik vedtektene krev, og som fleire gonger er påpeika av revisor.»*

Etter kommunelova § 23 skal administrasjonssjefen sjå til at politiske vedtak blir satt i verk.

***Framlegg til vedtak:***

Ein syner til kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret i sak 04/14 av 12.02.2014.

Kontrollutvalet vil gjere kommunestyret merksam på at det syner seg at kommunen framleis ikkje har klart å etterleve dei vedtektene for renovasjon som vart vedteke av kommunestyret 31.03.2011.

---

**Referatsaker**

Desse sakene vart referert og tekne til orientering:

**R 04/16 Protokoll frå Agder Kommunerevisjon IKS**  
**R 05/16 Protokoll frå fellesmøte Agder Sekretariat**  
**R 06/16 Møtebok frå styret Agder Sekretariat**

---

# **Agder Sekretariat**

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

**Eventuelt**

**Etter møteplanen er neste møte i kontrollutvalet 21. september 2016.**